

Utvikling



Mykje av innhaustinga er no overstått, men seine eplesortar som 'Elstar' og 'Rubinstep' gjenstår. Avlinga har vore formidabel i mange felt, slik at butikkane som må selje mest mogeleg av avlinga mens kvaliteten er på topp.

NLR gjennomfører haustetidsregistrering for kjernefrukt i dei ulike fruktdistrikta og kjem med anbefalingar, så ein får følgje med lokalt på dette.

Ugras

Få rydda åkerkantar og rist laust ugraset etter hausting om ein driv med ugrasfresing. Ugrasfresing fungerer dårleg i våt jord, så dette kan ikkje alle gjere på denne årstida.

Prydepler

Om det skulle oppstå ledige stunder, kan manuell avriving eller klipping av fruktene vere bra tiltak for å redusere smittepresset.

Glasseple

Enkelte år kan eplecellene bli fylt med vatn i staden for luft. Det blir kalla glassing eller «watercore». I nokre tilfelle kan denne tilstanden forsvinne på lager, men er det for omfattande, vil det ikkje bli borte og kunden får ein dårleg eplevelse. Sorter ut glasseplene om det er mogeleg å sjå dette i felt.

Epleskurv

Denne sesongen var skurvbekjempinga relativt enkel på austlandet og noko meir krevjande på vestlandet. Sjølv om sesongen ikkje hadde mange infeksjonar gjeld det å holde dei i sjakk. Me ser på austlandet at enkelte infeksjonar har skjedd på dei sist utviklar blada den siste veksttida. Truleg er det den våte August som har spreidd smitte som alt var i trea.

Frukttrekreft



Frukttrekreft er eit stort problem. Det er ofte lettare å sjå no på hausten, sidan greinene ofte visnar i løpet av sommaren. Bruk eigna reiskap og fjern såra frå feltet. Sidegreiner med tydelege sår bør ein klyppe godt inn til frisk ved. Frukttrekreften kan være synleg inni snittflata ganske langt frå der såret er utanpå treet. Skjær tilbake til ein er sikker på at såret er reint for frukttrekreftsmitte.

Bilete 1 dette 'Elstar' treet skulle vært fjerna, men det har gått frå å være eit svakt tre i april til å daue denne sesongen.

Soppar på epla

Det er mange soppar som kan angripe epla. Mest vanleg er nok epleskurv, men andre typar soppangrep kan også gjere store innhogg i epleavlinga.



Flueflekk på 'Fryd'.



Sotflekk (Sooty blotch) på 'Rubinstep'.



Råte etter epleviklar angrep. Ofte blir det Monillia som tar knekken på epla i felt eller på lager. På lager blir Monillia-epla svarte.



Begerråte i 'Aroma'.



Kjølelagersopp (stor røte-ring) og kalsiummangel (små prikker) i eit alt for stort 'Aroma'-eple.

Insektsskadar

Det er mange insekt som kan øydeleggje epla, men tidlege larvegnag og seint gnag finn ein i alle felt uansett økologisk eller ikkje. Det er få fullgode tiltak, men ein håpar flest mogeleg har brukt dei mogelegheitene som finst med feromonforvirring og Turex.



Tidleg larvegnag blir korka igjen og blir synlege som små til store «nyppar» på epla.



Seint larvegnag er larver som er aktive no rett før hausting.